# Budsjett 2022

# Drift og eigedom
# Helse Førde HF

# Innhaldsliste


1 Samandrag .......... 3
2 Status .......... 4
3 Budsjett per avdeling .......... 5
3.1 Medisinskteknisk avdeling (MTA) .......... 5
3.2 Husøkonom .......... 7
3.3 Matforsyning .......... 9
3.4 Teknisk drift .......... 11
4 Bemanningsplan 2022 .......... 13
5 Budsjettprosess .......... 14

# 1 Samandrag

Drift og eigedom legg til grunn ei brutto budsjettramme på 268,9 millionar i 2022.

**Budsjettekniske føresetnader**
Krav til generell innsparing på 1,5 millionar er innarbeidd i budsjett for 2022. Utarbeidd prognose for 2021, korrigert for covid-19-effektar, er utgangspunktet for budsjettarbeidet. Naturlege endringar i drifta i 2021 er soleis innarbeidd i budsjettdokumentet. Større planlagde endringar frå budsjett 2021 til budsjett 2022 er spesifisert i oppsett for aktuell avdeling.

Føresetnadene frå statsbudsjettet er lagt til grunn ved prisjustering.

I budsjettarbeidet har tillitsvalde, verneombod, og alle leiarane i drift og eigedom vore involverte. Leiarane er oppmuntra til å ta med seg dei tillitsvalde i budsjettarbeidet, og samarbeidet har fungert godt. Med bakgrunn i budsjettarbeidet har administrerande direktør kome fram til framlegg til budsjettramme for 2022.

| Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner) | |
|---|---:|
| **Nettokostnader budsjett 2021** | **-221 481** |
| Lønnsjustering inkludert pensjon | -5 019 |
| Kostnader prisjustering | 2 255 |
| Inntekter prisjustering | 2 763 |
| **Sum prisendringar** | **0** |
| Basistilskot | 226 696 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2021 | -5 215 |
| **Sum netto kostnader** | **-** |

| Drift og eigedom | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (i 21 kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B22 | Endring i prosent |
|---|---:|---:|---:|---:|---:|---:|---:|
| Basistilskot | - | - | 226 696 | 228 597 | 226 696 | 1 901 | 100,0 % |
| Øyremerka midlar | 10 700 | - | - | - | - | - | 0,0 % |
| Andre inntekter | 35 904 | 38 267 | 39 422 | 40 285 | 1 155 | 863 | 3,0 % |
| **Sum driftsinntekter** | **46 604** | **38 267** | **266 118** | **268 882** | **227 851** | **2 763** | **595,4 %** |
| Varekostnader | -17 662 | -19 063 | -17 617 | -17 846 | 1 446 | -229 | -7,6 % |
| Løn til fast tilsette og vikarar | -80 629 | -81 929 | -84 086 | -86 608 | -2 157 | -2 523 | 2,6 % |
| Variable tillegg og overtid | -5 744 | -5 094 | -5 174 | -5 329 | -80 | -155 | 1,6 % |
| Feriepenger og sosiale kostnader | -38 744 | -37 332 | -38 749 | -41 230 | -1 416 | -2 481 | 3,8 % |
| Lønnsrefusjonar | 5 239 | 3 225 | 2 556 | 2 633 | -669 | 77 | -20,7 % |
| Innleige av personell | -9 | -9 | -9 | -10 | - | -0 | 0,0 % |
| Diverse personalkostnader | 4 541 | 5 741 | 5 681 | 5 755 | -60 | 74 | -1,0 % |
| Reisekostnader | -279 | -955 | -805 | -815 | 150 | -10 | -15,8 % |
| Sum løn og personalkostnader | -115 623 | -116 354 | -120 585 | -125 604 | -4 231 | -5 019 | 3,6 % |
| Andre driftskostnader | -136 543 | -124 331 | -127 916 | -125 432 | -3 585 | 2 484 | 2,9 % |
| **Sum Driftskostnader** | **-269 829** | **-259 749** | **-266 118** | **-268 882** | **-6 370** | **-2 763** | **2,5 %** |
| **Sum** | **-223 224** | **-221 481** | **-** | **-** | **221 481** | **0** | |

Budsjettframlegg for avdelingane i drift og eigedom:

Tal utan basisramme:

| Drift og eigedom | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (2021 - kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B21 | Budsjett endring i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| HUSØKONOM | - 41 496 | - 40 546 | - 40 987 | - 42 400 | - 441 | - 1 413 | 1,1 % |
| MATFORSYNING | - 36 209 | - 35 369 | - 35 245 | - 36 483 | 124 | - 1 238 | -0,4 % |
| MEDISIN TEKNISK AVDELING | - 25 265 | - 23 549 | - 23 445 | - 24 127 | 104 | - 683 | -0,4 % |
| TEKNISK DRIFTSAVDELING | - 97 770 | - 98 496 | - 103 301 | - 105 824 | - 4 805 | - 2 523 | 4,9 % |
| DRIFT OG EIGEDOM FELLES | - 22 485 | - 23 521 | - 23 719 | - 19 764 | - 198 | 3 956 | 0,8 % |
| **Sum** | **- 223 224** | **- 221 481** | **- 226 696** | **- 228 597** | **- 5 215** | **- 1 901** | **2,4 %** |

# 2 Status

Drift og eigedom skal levere gode støttetenester til pasientbehandlinga ved sjukehusa. For å gjere dette på ein god måte må vi ha fokus på godt arbeidsmiljø, sjukefråvær, HMS m.m. Arbeidet med sjukefråvær og arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i lengre tid.

Drift og eigedom har ansvaret for forvalting av eigedomsmassen til føretaket og har fokus på det verdibevarande vedlikehaldsarbeidet. Sjølv om bygnigsmassen vert eldre, har vi dei fire siste åra heldt den tekniske tilstandsgraden på bygga våre på om lag same nivå som målingane i 2015.  Vi har i stor grad følgt opp  «bygningsmessig utviklingsplan», som er eit planverk for å stabilisere og hente inn vedlikehaldsetterslepet i bygningsmassen vår.

Tiltak gjennom prosjekt Nye Førde sjukehus (NFS) vil i åra framover betre tilstandsgraden på den eksisterande bygningsmassen.

Covid-19 har prega alle avdelingane i drift og eigedom, og alle har bidratt på ulike måtar for å takle denne krevjande situasjonen vi har stått i.

Budsjetta for dei ulike avdelingane i drift og eigedom vert presentert under.

# 3 Budsjett per avdeling

## 3.1 Medisinskteknisk avdeling (MTA)

| Medisin teknisk drift | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (i 21 kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B22 | Endring i prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Basistilskot | - | - | 23 445 | 24 127 | 23 445 | 683 | 100,0 % |
| Andre inntekter | 287 | 215 | 210 | 216 | -5 | 5 | -2,3 % |
| **Sum driftsinntekter** | **287** | **215** | **23 655** | **24 343** | **23 440** | **688** | **10878,8 %** |
| Varekostnader | -3 | -17 | -5 | -5 | 12 | -0 | -71,1 % |
| Løn til fast tilsette og vikarar | -5 566 | -5 639 | -5 969 | -6 148 | -330 | -179 | 5,9 % |
| Variable tillegg og overtid | -609 | -558 | -534 | -550 | 24 | -16 | -4,3 % |
| Feriepenger og sosiale kostnader | -2 870 | -2 604 | -2 964 | -3 265 | -359 | -302 | 13,8 % |
| Lønnsrefusjonar | 2 | - | 7 | 7 | 7 | 0 | 100,0 % |
| Diverse personalkostnader | -14 | -76 | -75 | -76 | 1 | -1 | -0,8 % |
| Reisekostnader | -47 | -191 | -161 | -163 | 30 | -2 | -15,5 % |
| Sum løn og personalkostnader | -9 105 | -9 067 | -9 696 | -10 195 | -629 | -500 | 6,9 % |
| Andre driftskostnader | -16 443 | -14 680 | -13 954 | -14 143 | 725 | -188 | -4,9 % |
| **Sum Driftskostnader** | **-25 552** | **-23 764** | **-23 655** | **-24 343** | **109** | **-688** | **-0,5 %** |
| **Sum** | **-25 265** | **-23 549** | **-** | **-** | **23 549** | **-0** | |

Tal utan basisramme:

| Medisin teknisk avdeling | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (2021 - kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B21 | Budsjett endring i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| MTA FLORØ | - 162 | - 237 | - 165 | - 167 | 72 | - 2 | -30,4 % |
| MTA LÆRDAL | - 3 410 | - 2 913 | - 2 913 | - 2 967 | | - 53 | 0,0 % |
| MTA NORDFJORD | - 2 361 | - 3 076 | - 3 148 | - 3 207 | - 72 | - 59 | 2,3 % |
| MTA FØRDE | - 19 331 | - 17 322 | - 17 218 | - 17 787 | 104 | - 568 | -0,6 % |
| **Sum** | **- 25 265** | **- 23 549** | **- 23 445** | **- 24 127** | **104** | **- 683** | **-0,4 %** |

Budsjettframlegget til MTA syner ein reduksjon på 104 000 i høve budsjett for 2021. Endringar og tiltak for å redusere kostnader og auke innteninga, kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner) | |
|---|---|
| **Nettokostnader budsjett 2021** | **-23 549** |
| Inntekter prisjustering | 688 |
| Lønnsjustering inkludert pensjon | -500 |
| Kostnader prisjustering | -188 |
| **Sum prisendringar** | **0** |
| Basistilskot | 23 445 |
| Styrking lønsbudsjett | -40 |
| | |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2021 | 144 |
| **Sum netto kostnader** | **-** |

MTA vil vere ein viktig bidragsytar i arbeidet med 3D-printing av antomiske delar til preoperativ planlegging av operasjonar innanfor ortopedi. Dette har blitt ein stor suksess, og vi ser auka interesse for dette i føretaket. Dette er eit resultat av eit godt samarbeid på tvers av fag og føretak, der røntgen, ortopedi og MTA i Helse Bergen har bidrege.

Samarbeidet i MTA-miljøet i Helse Vest er svært godt, dette samarbeidet blir stadig viktigare og vil halde fram. Vi har jamlege møte med erfaringsutveksling og samordning av regionale prosessar.

MTA har stort fokus på innovasjon, i løpet av 2022 ønskjer vi å kunne nytte AR-teknologi (augumented reality) til akutte reparasjonsituasjonar, dette vil bidra til reduserte kostnader og nedetid på kritisk utstyr.

Avdelinga har ansvar for innkjøp og er bindeledd frå verksemda inn mot anskaffingsprosessane av medisinskteknisk utstyr (MTU). Vi arbeider vidare med datafangst frå medisinteknisk utstyr til systemet for «Kurve- og legemiddellogistikk» (KULE). Prosjektet vert stadig vidareutvikla.

Avdelinga bidreg i arbeidet med detaljplanlegginga av Nye Førde sjukehus.

Helse Førde innførte Medusa, eit system for forvalting, drift og vedlkehald (FDV), i 2016. Vi var det første føretaket i Helse Vest som innførte det nasjonale FDV-systemet. I 2022 vil det Helse Bergen innføre systemet, då vil alle føretaka i Helse Vest ha innført systemet. I januar 2022 vil bestillingsintegrasjon mot innkjøps- og logistikksystemet (Libra-SAP) bli realisert, dette skal forenkle arbeidsprosessane i avdelinga.

På nyåret skal MTA flytte inn eit nyrenoverte lokale. Lokalet er nytt og moderne og vil bidra til betre arbeidsforhold for dei tilsette. Avdelinga har i fleire år hatt eit lågt sjukefråvær og eit godt arbeidsmiljø, og vi har stort fokus på å bevare dette.

## 3.2 Husøkonom

| Husøkonomi | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (i 21 kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B22 | Endring i prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Basistilskot | - | - | 40 987 | 42 400 | 40 987 | 1 413 | 100,0 % |
| Andre inntekter | 4 657 | 4 483 | 4 976 | 5 100 | 493 | 124 | 11,0 % |
| **Sum driftsinntekter** | **4 657** | **4 483** | **45 963** | **47 500** | **41 480** | **1 537** | **925,2 %** |
| Varekostnader | -1 219 | -1 186 | -695 | -704 | 491 | -9 | -41,4 % |
| Løn til fast tilsette og vikarar | -22 513 | -22 486 | -22 944 | -23 632 | -458 | -688 | 2,0 % |
| Variable tillegg og overtid | -1 211 | -843 | -782 | -805 | 61 | -23 | -7,3 % |
| Feriepenger og sosiale kostnader | -10 449 | -10 052 | -10 022 | -10 559 | 30 | -536 | -0,3 % |
| Lønnsrefusjonar | 1 426 | 1 209 | 888 | 915 | -321 | 27 | -26,5 % |
| Diverse personalkostnader | 2 016 | 3 182 | 2 964 | 3 003 | -218 | 39 | -6,8 % |
| Reisekostnader | -13 | -80 | -63 | -64 | 16 | -1 | -20,6 % |
| Sum løn og personalkostnader | -30 744 | -29 070 | -29 959 | -31 143 | -889 | -1 184 | 3,1 % |
| Andre driftskostnader | -14 189 | -14 773 | -15 309 | -15 653 | -536 | -344 | 3,6 % |
| **Sum Driftskostnader** | **-46 152** | **-45 029** | **-45 963** | **-47 500** | **-934** | **-1 537** | **2,1 %** |
| **Sum** | **-41 496** | **-40 546** | **-** | **-** | **40 546** | **-0** | |

Tal utan basisramme:

| Husøkonomi | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (2021 - kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B21 | Budsjett endring i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| HUSØKONOMI LÆRDAL | - 6 094 | - 5 879 | - 5 856 | - 6 003 | 23 | - 147 | -0,4 % |
| HUSØKONOMI NORDFJORD | - 5 784 | - 5 630 | - 5 626 | - 5 807 | 4 | - 181 | -0,1 % |
| HUSØKONOMI FØRDE | - 28 632 | - 27 930 | - 28 408 | - 29 462 | - 478 | - 1 054 | 1,7 % |
| HUSØKONOMI FELLES | - 986 | - 1 108 | - 1 097 | - 1 128 | 11 | - 31 | -1,0 % |
| **Sum** | **- 41 496** | **- 40 546** | **- 40 987** | **- 42 400** | **- 441** | **- 1 413** | **1,1 %** |

Budsjettframlegget til husøkonom syner ein auke på 441 000 i høve budsjett for 2021. Endringar og tiltak for å redusere kostnader og auke innteninga, kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner) | |
|---|---|
| **Nettokostnader budsjett 2021** | **-40 546** |
| Inntekter prisjustering | 1 537 |
| Lønnsjustering inkludert pensjon | -1 184 |
| Kostnader prisjustering | -353 |
| **Sum prisendringar** | **0** |
| Basistilskot | 40 987 |
| Styrking lønsbudsjett | -164 |
| Tilført midlar til reinahald av Angabygget ved FSS | -550 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2021 | 273 |
| **Sum netto kostnader** | **-** |

Husøkonomi og smittevern set høge krav til reinhald i sjukehus. Eit godt reinhald skal vere med å hindre smittespreiing og auke trivselen for pasientar og personale.

For å møte reinhaldsbehovet opp mot covid-19 vart det ved Førde sentralsjukehus laga kveldsturnus sju dagar i veka. I perioden mai 2021 til august 2021 vart det mellom klokka 14.00-22.00 utført 383 utvask og 172 smitteutvask, ved sengepostane. Det syner eit stort behov for reingjering ved sengepostane på kveldstid. Husøkonomi har ressurs som dekkar dagleg reingjering og smittereingjering. Hovudreingjering er krevjande å gjennomføre. Kvalifisert og motivert personell er viktig for tenesteleveransen. Ved ledige stilling rekrutterer husøkonomi etter reinhaldsoperatør.

I samband med NFS og pågåande ombygging vil rokering av tilsette til Angabygget medføre omdisponering av reinhaldstilsette i Førde. LSH har pågåande ombygging som berører reinhaldsavdelinga. Tekstilavdeling Førde/reinhald Tronvik vart frå 1. sept. 2021 organisert under seksjon reinhald ved FSS.

Husøkonomi har ansvar for tildeling av bustadane ved NSH og LSH. I samband med anbod på vask av pasient- og personaltøy legg husøkonomi opp til nytenking ved utlevering av arbeidsklede ved sjukehuset i Førde.

Avdelinga har motiverte medarbeidarar og vi har eit godt arbeidsmiljø. Handlingsplanen for husøkonomi 2022 inneheld gode tiltak som følgjast tett opp. Sjukefråværet varierer mellom 5 – 9 prosent. Fokus i 2022 vil være på økonomi, kvalitet i tenesteleveranse, førebygging og oppfølging som kan medverke til trivsel og lågt sjukefråvær.

# 3.3 Matforsyning

| Matforsyning | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (i 21 kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B22 | Endring i prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Basistilskot | - | - | 35 245 | 36 483 | 35 245 | 1 238 | 100,0 % |
| Andre inntekter | 7 847 | 10 299 | 10 325 | 10 459 | 25 | 134 | 0,2 % |
| **Sum driftsinntekter** | **7 847** | **10 299** | **45 570** | **46 942** | **35 270** | **1 372** | **342,5 %** |
| Varekostnader | -15 347 | -16 845 | -16 034 | -16 243 | 811 | -208 | -4,8 % |
| Løn til fast tilsette og vikarar | -19 230 | -19 207 | -19 612 | -20 201 | -405 | -588 | 2,1 % |
| Variable tillegg og overtid | -1 541 | -1 225 | -1 367 | -1 408 | -143 | -41 | 11,7 % |
| Feriepenger og sosiale kostnader | -9 015 | -8 615 | -8 926 | -9 469 | -311 | -543 | 3,6 % |
| Lønnsrefusjonar | 1 476 | 363 | 343 | 353 | -21 | 10 | -5,7 % |
| Innleige av personell | -9 | -9 | -9 | -10 | - | -0 | 0,0 % |
| Diverse personalkostnader | -136 | -202 | -216 | -219 | -15 | -3 | 7,2 % |
| Reisekostnader | -153 | -246 | -189 | -192 | 56 | -2 | -22,9 % |
| Sum løn og personalkostnader | -28 607 | -29 140 | -29 978 | -31 145 | -838 | -1 167 | 2,9 % |
| Andre driftskostnader | -102 | 316 | 442 | 446 | 126 | 4 | 39,9 % |
| **Sum Driftskostnader** | **-44 056** | **-45 668** | **-45 570** | **-46 942** | **99** | **-1 372** | **-0,2 %** |
| **Sum** | **-36 209** | **-35 369** | **-** | **-** | **35 369** | **0** | |

Tal utan basisramme:

| Matforsyning | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (2021 - kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B21 | Budsjett endring i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| KJØKKEN ISP | - 1 920 | - 1 953 | - 1 943 | - 2 022 | 10 | - 79 | -0,5 % |
| KJØKKEN LÆRDAL | - 4 230 | - 4 264 | - 4 150 | - 4 298 | 113 | - 148 | -2,7 % |
| KJØKKEN NORDFJORD | - 4 856 | - 4 825 | - 4 761 | - 4 909 | 65 | - 148 | -1,3 % |
| PRODUKSJONSKJØKKEN FØRDE | - 23 824 | - 22 985 | - 23 055 | - 23 873 | - 69 | - 819 | 0,3 % |
| MATFORSYNING FELLES | - 1 378 | - 1 342 | - 1 336 | - 1 380 | 6 | - 44 | -0,4 % |
| **Sum** | **- 36 209** | **- 35 369** | **- 35 245** | **- 36 483** | **124** | **- 1 238** | **-0,4 %** |

Budsjettframlegget til matforsyning syner ein reduksjon på 124 000 i høve budsjett for 2021. Prisendringar og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

| **Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner)** | |
|---|---|
| **Nettokostnader budsjett 2021** | **-35 369** |
| Inntekter prisjustering | 1 372 |
| Lønnsjustering inkludert pensjon | -1 167 |
| Kostnader prisjustering | -205 |
| **Sum prisendringar** | **0** |
| Basistilskot | 35 245 |
| Styrking lønsbudsjett | -153 |
| | |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2021 | 277 |
| **Sum netto kostnader** | **-** |

Matforsyning legg opp til å vidareføre dagens mattilbod til pasientar og andre brukarar i 2022, med noko lokal tilpassing. Budsjettet gjev matforsyning utfordringar knytt til bruk av personalressursar, og å nå inntektsmålet frå kantinesal. Eit stramt budsjett gir lite rom for utstyrsinvesteringar og innovasjon innafor fag og drift, og drifta i matforsyning vil vere sårbar ved høgt sjukefråvær. Det gjeld særleg utfordring knytt til å skaffe kvalifiserte vikarar. Nokre seksjonar i matforsyning har auka risiko grunna låg bemanning einskilde driftsdagar (frå to til ein personalressurs).

DPS frå Tronvik vart flytta til Førde 1.3.2021, og seksjon kjøkken på Tronvik (drift og budsjett) vert overført i sin heilskap til seksjon kjøkken Førde frå 1.1.2022. Vidare drift på Tronvik vert avgrensa til eit mottakskjøkken og stillingsressurs på 1,2 årsverk som matvert.

Fokusområde i 2022 vil vere å drive forbetringsarbeid knytt til sjukefråvær, fag og på drift. Matforsyning vil følgje opp brukarundersøking på mattilbodet til pasientane. Dette arbeidet skjer lokalt på kvar seksjon, gjennom mat og menyutvikling og i drøftingar i matpanelet til Helse Førde.
Leiar i matforsyning deltek i regionalt prosjekt i HV om felles datastyringsprogram for alle kjøkkena i Helse Vest.

Matforsyning HFD er Debiogodkjent ut år 2022 med bronsemerke. Helse Førde og matforsyning deltek elles i regionale og nasjonale fagforum. På nasjonalt plan bidreg vi med ein ressurs til Sjukehusinnkjøp innanfor storkjøkkenutstyr, småutstyr, kvitevarer og innanfor mat og drikke.

# 3.4 Teknisk drift

| Teknisk drift | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (i 21 kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B22 | Endring i prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Basistilskot | - | - | 103 301 | 105 824 | 103 301 | 2 523 | 100,0 % |
| Øyremerka midlar | 10 700 | - | - | - | - | - | 0,0 % |
| Andre inntekter | 22 447 | 22 615 | 23 274 | 23 857 | 659 | 583 | 2,9 % |
| **Sum driftsinntekter** | **33 147** | **22 615** | **126 575** | **129 681** | **103 960** | **3 106** | **459,7 %** |
| Varekostnader | -1 093 | -1 014 | -883 | -894 | 132 | -11 | -13,0 % |
| Løn til fast tilsette og vikarar | -32 232 | -32 803 | -33 717 | -34 728 | -914 | -1 011 | 2,8 % |
| Variable tillegg og overtid | -2 383 | -2 468 | -2 490 | -2 565 | -23 | -75 | 0,9 % |
| Feriepenger og sosiale kostnader | -15 886 | -15 278 | -16 031 | -17 090 | -753 | -1 058 | 4,9 % |
| Lønnsrefusjonar | 2 335 | 1 652 | 1 318 | 1 357 | -334 | 40 | -20,2 % |
| Diverse personalkostnader | 2 687 | 2 869 | 3 119 | 3 159 | 250 | 41 | 8,7 % |
| Reisekostnader | -60 | -358 | -339 | -343 | 19 | -4 | -5,4 % |
| Sum løn og personalkostnader | -45 539 | -46 387 | -48 141 | -50 209 | -1 754 | -2 069 | 3,8 % |
| Andre driftskostnader | -84 285 | -73 710 | -77 551 | -78 577 | -3 842 | -1 025 | 5,2 % |
| **Sum Driftskostnader** | **-130 917** | **-121 111** | **-126 575** | **-129 681** | **-5 464** | **-3 106** | **4,5 %** |
| **Sum** | **-97 770** | **-98 496** | **-** | **-** | **98 496** | **-0** | |

Tal utan basisramme:

| Teknisk driftsavdeling | Rekneskap 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 (2021 - kr.) | Budsjett 2022 | Endring B22-B21 | Prisendring B22-B21 | Budsjett endring i % |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| PORTØR | - 12 148 | - 12 186 | - 12 179 | - 12 615 | 7 | - 436 | -0,1 % |
| EKSPEDISJON OG PASIENTHOTELL | - 14 030 | - 15 949 | - 16 033 | - 16 544 | - 84 | - 511 | 0,5 % |
| TEKNISK DRIFT FØRDE OG TRONVIK | - 37 186 | - 35 823 | - 39 101 | - 40 021 | - 3 279 | - 920 | 9,2 % |
| TEKNISK DRIFT LÆRDAL, ISP | - 10 695 | - 9 125 | - 11 660 | - 11 904 | - 2 535 | - 244 | 27,8 % |
| TEKNISK DRIFT NORDFJORD | - 11 370 | - 12 178 | - 11 516 | - 11 755 | 663 | - 239 | -5,4 % |
| TEKNISK FELLES | - 12 342 | - 13 235 | - 12 812 | - 12 984 | 423 | - 173 | -3,2 % |
| **Sum** | **- 97 770** | **- 98 496** | **- 103 301** | **- 105 824** | **- 4 805** | **- 2 523** | **4,9 %** |

Budsjettframlegget til teknisk drift syner ein auke på 4,8 millionar i høve budsjett for 2021. Prisendringar, nye oppgåver og tiltak for å redusere kostnader kjem fram i følgjande tabell:

| Prisendring og aktivitetsendring (tal i 1000 kroner) | |
|---|---|
| **Nettokostnader budsjett 2021** | **-98 496** |
| Inntekter prisjustering | 3 106 |
| Lønnsjustering inkludert pensjon | -2 069 |
| Kostnader prisjustering | -1 037 |
| **Sum prisendringar** | **0** |
| Basistilskot | 103 301 |
| Styrking lønsbudsjett | -241 |
| Drift av Dagabygget - styrking av budsjett | -300 |
| Flytta investeringsmidlar til driftsbudsjett - vedlikehald av bygg og anlegg | -5 000 |
| Auka leigeinntekter | 659 |
| Endring som følgje av andre vedtak og hendingar i 2021 | 77 |
| **Sum netto kostnader** | **-** |

I samband med covid-19, har avdelinga i 2021 hatt ei viktig rolle med å ruste sjukehusa med gode funksjonelle løysingar.  Vedlikehaldsarbeid vert utført etter systematisk kartlegging av tilstandsgrad og tilstandsrapport frå 2020. Rapporten ligg til grunn for vedlikehaldet. Satsinga på energisparetiltak vil halde fram etter programmet vi har i samarbeid med ENOVA. Tiltak gjennom prosjekt NFS vil i åra framover betre tilstandsgraden på den eksisterande bygningsmassen.

I 2021 har teknisk drift arbeidd vidare med å implementere det nye FDV-systemet. Vedlikehaldsmodulen vil ha fokus i 2022, då vi ikkje fekk gjennomført planen i 2021. Vi har arbeidd med opprusting av SD-anlegga og regulering/ombygging av varmeanlegga. Hausten 2021 starta vi arbeidet med etablering av varmepumpe ved DPS Sogndal. Når den står ferdig våren 2022 vil den ta ned energiforbruket. Vårt systematiske arbeid med energileiing og energiøkonomisering (enøk), har gjeve Helse Førde ei innsparing på over 1 100 000 kwh frå 2018 til 2021. Dette er vi særs nøgde med.

I 2021 overtok vi drifta av det nye bygget til psykisk helsevern, Dagabygget. Bygget inneheld mykje ny teknologi, noko som er utfordrande og spennande for dei tilsette å arbeide med. Teknisk FSS har eit tett og godt samarbeid med prosjekt Nye Førde sjukehus (NFS) og bidreg med to ressursar inn i prosjektet. Medverknad er viktig for å påverke byggeprosjekta i driftseffektiv retning og for å lette overgangen frå prosjekt til drift. Alle våre fagområde er i ulik grad involvert i NFS. I 2021 har vi gjort mykje arbeid ved hovudinngangen til FSS, og med den restaurerte «japanske» hagen har vi fått eit visuelt løft for FSS.

**Bustadformidling**
Bustadmassen som Helse Førde leiger av Bustadstiftinga i Førde, er ferdig rehabilitert. Dette medfører at leigetakarane er meir tilfreds, og vi har jamt høgt belegg. I 2022 overtek vi 18 nye bueingar, og vidare vert dei bustadane som ikkje høver til vår drift oppsagde. Samarbeidet med bustadstiftingane med å rehabilitere og betre tenestene vil halde fram i 2022, der spesielt Lærdal vil ha fokus. I Lærdal er vi i gang med å pusse opp bustadmassen. Reservasjonar og kontraktforvaltning skal i 2022 handterast igjennom systemet Xpand, og det er planar om innføring av elektronisk signatur for kontraktar.

**Portør**
I forbindelse med covid-19 har portørane, med hjelp frå ekspedisjon, også i 2021 teke utfordringa med tilgangskontroll av pasientar og pårørande. Det har vore utfordrane å ha nok personale til å drive den daglege drifta samstundes med ekstraarbeidet med tilgangskontroll. Seksjonen har hatt lærlingordning i fleire år, og stadig fleire tek fagbrev innan portørfaget. Seksjonen har i haust hatt fokus på sjukefråvær og vil fortsetje dette arbeidet i 2022

Seksjonen ventar no på at vi skal ta i bruk Imatis, som skal erstatte dagens portørcom. Portørane skal framleis ivareta sine primæroppgåver pasient transport og avfallshandtering.
Fokus i 2022 vil vere knytt til sjukefråvær, arbeidsmiljø og kompetanseutveksling.

**Ekspedisjon og pasienthotell**
Ekspedisjonen (sentralbord, resepsjon, innskrivingssentral, ID-kontor, bodkontor og arkiv) vil ha fokus på god service til alle som tek kontakt. Vi vil ta del i pågåande prosjekt som er relevant for seksjonane. Det pågår endringsarbeid i høve resepsjonen. Tanken er å samle fleire funksjonar i ny utvida resepsjon, då i takt med den generelle utviklinga der pasienten skal vere meir i fokus.

Pasienthotellet vil jobbe for at pasientar og andre gjestar kjenner seg velkomne og ivaretekne under opphaldet. Vi har fokus på knutepunktfunksjonen, for å halde nede tal korridorpasientar og avlaste sengepostane, samt ivareta den pasientopplevde kvaliteten ved å ha pasientane på rett omsorgsnivå.

# 4 Bemanningsplan 2022

| Netto månadsverk | Snitt 2020 | Budsjett 2021 | Snitt 2021 | Budsjett 2022 | Endring B22-Snitt2021 | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Husøkonomi | 51,0 | 52,0 | 51,4 | 52,4 | 1,0 | Reinhaldar Angabygget |
| Matforsyning | 43,7 | 43,9 | 42,3 | 42,3 | - | |
| Medisinsk teknisk avdeling | 11,7 | 11,7 | 11,6 | 11,6 | - | |
| Teknisk driftsavdeling | 67,7 | 67,4 | 72,2 | 72,2 | - | |
| Drift og eigedom felles | 1,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | - | |
| **Sum drift og eigedom** | **175,1** | **176,9** | **179,5** | **180,5** | **1,0** | |

| Netto månadsverk | Snitt 2020 | Budsjett 2021 | Snitt 2021 | Budsjett 2022 | Endring B20-Snitt 2019 | Merknad |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Husøkonomi | 51,0 | 52,0 | 51,4 | 52,4 | 1,0 | Reinhaldar Angabygget |
| Matforsyning | 43,7 | 43,9 | 42,3 | 42,3 | - | |
| Medisinsk teknisk avdeling | 11,7 | 11,7 | 11,6 | 11,6 | - | |
| Teknisk driftsavdeling | 67,7 | 67,4 | 72,2 | 72,2 | - | |
| Drift og eigedom felles | 1,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | - | |
| **Sum drift og eigedom** | **175,1** | **176,9** | **179,5** | **180,5** | **1,0** | |

# 5 Budsjettprosess

Tabellen syner dei viktigaste møtepunkta i samband med budsjettprosessen i drift og eigedom.

**Datoar for budsjettarbeid 2022**

| Dato | Deltakarar | Tema |
|---|---|---|
| 23.08.2021 | Avdeling og seksjonsleiarar | Utsending av rammmer for budsjett 2022 |
| 23.08.2021 | Tillitsvalde og verneombod | Utsending av rammmer for budsjett 2022 |
| 01.10.2021 | Matforsyning har gjennomført seksjonsvis budsjettarbeid i tilknytning til P2, og utarbeida nedtakstiltak tilsvaranede 46' i løpet av september. TV og VT har vore med på arbeide/informert og har ikkje merknader verken på seksjons eller på fellesområde | P2/ og B22 for Matforsyning |
| 04.10.2021 | Leiarmøte FAU med tv/vo | Informsjon om prosess budsjettarbeid og utfordringar |
| 08.10.2021 | Avdelingssjef MTA og TV og VO | Gjennomgang av budsjett 2022, innsparing samt innmeldt ralauke som ikkje vart innfridd. |
| 08.10.2021 | Husøkonomi og Delta/fagforbundet | Husøkonomi orienterte TV via epost. Forklaring om budsjettramme, realendring og fordeling av innsparing. Ingen merknad. |
| 11.10.2021 | Avdelingsmøte FAU med TV og VO | Gjennomgang av budsjett 2022, innsparing samt innmeldt ralauke som ikkje vert innfridd. |
| 14.10.2021 | Teknisk drift tillitsvalde og VO | Utsendt informasjon pr mail. Felles drøfting i klinikkråd veke 46 |
| 17.11.2021 | Leiing, tillitsvalde og hovedvernombod | Informasjon om budsjett for avdelingane i drift og eigedom |
| 17.11.2021 | Leiing, tillitsvalde og hovedvernombod | Drøfting av budsjett 2022 for drift og eigedom |

----- o -----